



# ÅRSMELDING 2016

Orkesteret Fossegrimen er eit regionalt symfoniorkester for Voss og grannekommunane, som vil arbeida for og utvikla orkestermusikk gjennom opplæring, motiverande aktivitetar og god organisering.

Dette vil orkesteret nå ved å:

- vera eit aktivitetstilbod for interesserte musikarar, amatørar og fagutdanna;
- arbeida for symfonisk musikk i det regionale musikk- og kultur- livet, og samarbeida med einskildpersonar, kultur- organisasjonar og andre institusjonar;
- bringa "levande" orkestermusikk ut til publikum i heile regionen med regelmessige konsertar;
- ha eit nært samarbeid med musikkutdanningsinstitusjonar i regionen og vera eit mål å arbeida mot for elevar her.



# 2016

## ÅRSMØTET

Orkesteret Fossegrimen sitt årsmøte vart halde i Voss kulturhus mandag 4. april 2016 i samband med ei orkesterøving.

Styret si årsmelding for 2015 vart lagt fram for medlemene, drøfta og godkjent av årsmøtet.

Den reviderte rekneskapen for 2015 viste eit samla overskot på kr. 77.596,- som vart ført mot eigenkapitalen. Orkesteret har pr. 31.12.15 ein negativ eigenkapital på kr. 127.084,-. Rekneskapen vart lagt fram og godkjent av årsmøtet.

Kontingent for 2016 vart fastsett til kr. 500,- pr. semester for vaksne, kr. 250,- pr. semester for studentar/skuleelevar (uendra frå i fjor).

I tråd med vedtektene vart det gjort fylgjande val:

Styreleiar vald for 1 år: **Peder Ringdal**.

To styremedlemer valde for 2 år: **Halvard Bjørgo** og **Bridget Penny**. Dei to andre styremedlemene, Brynjulv Norheim og Knut Brunvoll, var ikkje på val.

Tre varamedlemer til styret valde for 1 år: **Christiane Wiemann Lid**, **Erling Tillung** og **Håkon Asheim**.

To ettersynsmenn valde for 1 år: **Jostein Bøyum** og **Ann Merete Handegård**.

Tre medlemer til valnemnd valde for 1 år: **Arne Andersen**, **Olav Dolve Afdal** og **Sara Davidson**.

Andre saker vart ikkje handsama på dette årsmøtet.

## STYRET

Styret har i 2016 vore slik samansett: Peder Ringdal (leiar), Halvard Bjørgo (nestleiar), Brynjulv Norheim (kasserar), Knut Brunvoll (skrivar) og Bridget Penny (styremedlem). Varamedlemer har vore Christiane Wiemann Lid, Erling Tillung (noteforvaltar) og Håkon Asheim.

I 2016 har styret hatt 7 styremøte og har handsama til saman 55 protokollførde saker. Viktige saker har - som tidlegare år - blitt tatt opp på øvingane for at medlemene skulle vera informerte.

Styret har eit eige arbeidsutval med leiar, nestleiar, kasserar. I 2016 har dette utvalet hatt mange møte og drøftingar omkring økonomiske og praktiske spørsmål som gjeld orkesterdrifta.

Andre oppgåver som styremedlemene i Fossegrimen har hatt i 2016: Halvard Bjørgo har vore styremedlem i Voss Musikkråd og er innvald i styret i Hordaland Musikkråd. Han har òg vore Fossegrimen sin representant i Kontaktutvalet for distriktsmusikarordninga og i Samarbeidsutvalet ved Voss kulturskule. Heller ikkje dette året har det vore møte i desse to utvala. Fossegrimen har sidan hausten 2004 vore medarrangør av den årlege Osafestivalen siste helga i oktober. Brynjulv Norheim har heile tida vore orkesteret sin representant i festivalstyret. Bridget Penny har vore styremedlem i Voss kulturråd.

## ØKONOMIEN

Fossegrimen sin økonomiske situasjon har i 2016 vore svært vanskeleg og krevjande etter at fast driftsstønad frå Hordaland fylkeskommune, som dei siste åra var på vel kr. 200.000,- og utgjorde om lag 25% av orkesteret sine inntekter, heilt uventa fall bort av di det var stroke frå fylkesrådmannens budsjettforslag og vedteke av fylkestinget. Dette har medført mange møte og drøftingar med kommunale og fylkeskommunale politikarar og byråkratar. For å hjelpa på situasjonen løyvde Voss kommune heldigvis kr. 100.000,- i tillegg til det faste driftstilskotet på kr. 200.000,-. Sjølv med gaver frå ulike hald har det dette året ikkje vore mogeleg å driva orkesteret i økonomisk balanse trass i stram økonomistyring, og vi endar igjen opp med eit etter måten stort underskot slik den reviderte rekneskapen viser. Orkesteret sin økonomi set store krav til styret, som kontinuerleg arbeider med problemet. I tillegg til kommunale stønader får orkesteret god støtte frå næringslivet på Voss gjennom sponsoravtalar, gaver og ved annonseteikning i årsprogramheftet. I oktober 2013 gjorde vi avtale med Voss Sparebank om at banken

skal vera Fossegrimen sin hovudsponsor for perioden 2014-2016, ein avtale som hausten 2016 vart prolongert for nye tre år (2017-2018-2019). Voss Rekneskapslag har ført rekneskapan vår. Utanom kostnadene med rekneskapsføringa har orkesteret vore drive mest utan administrasjonskostnader.

## **DIGITALE INFORMASJONSKANALAR**

Orkesteret Fossegrimen si heimeside på Internett: <http://www.fossegrimen.no> vart etablert og sett i drift i mars 2009 gjennom Hardanger IT&Web Kjartan Haugen, som også har vore til god hjelp seinare. I 2016 var det tilsaman 1412 vitjingar på sida, om lag som tidlegare år. I 2011 vart katalogen til Fossegrimen sitt notearkiv lagt inn på heimesida, og her kan medlemene gå inn og sjå kva orkesteret har av notar. Opplysningar om dei ulike musikkverka, som t. d. instrumentsamansetjing, tid og stad for framføringar og evt. med kva solistar, er tatt med her. Fossegrimen har sidan 2011 òg hatt si eiga Facebook-side, som Bridget Penny tek seg av. Her er informasjon om orkesteret si verksemd, og sida er meint å skapa merksemd kring orkesteret sine konsertar. Den fungerer òg som kanal for tilbakemelding frå publikum. Ved årsslutt har sida om lag 220 fylgjarar.

## **ORKESTERØVINGANE**

Fossegrimen har i 2016 hatt øvingane sine i Kultursalen i Voss kulturhus. Likeeins har gruppeøvingane vore haldne i kulturhuset. Fast øvingsdag har som før vore mandagar kl. 18-21 med servering (kjøp) av kaffi, te, saft og ferdigsteikte vafler i pausane – til stor glede for alle i orkesteret. I tillegg har det vore nokre ekstraøvingar.

## **INSTRUMENT – NOTAR – UTSTYR**

Fossegrimen har pr. 31.12.16 i si eiga:

2 fiolar m/kasser. 4 fiolinbogar i eiga kasse. 1 dobbelt fiolinkasse. 1 bratsj m/boge og kasse. 3 celloar alle med trekk, 2 av dei med bogar. 1 kontrabass m/boge og trekk. 1 obo. 1 A-klarinet. 3 waldhorn (eitt vart innkjøpt brukt hausten 2016, gåve frå Sparebankstiftinga Hardanger). 2 pauker (26' & 29') med trekk. 1 Gran Cassa med trekk og stativ. 1 triangel. 1 bekken med stativ. Ulike slagverksklubber og -utstyr. I tillegg eig orkesteret 2 oboar, 1 A-klarinet, 1 fagott, 3 waldhorn og 2 pauker - alt av høg alder og ikkje brukbare.

I notearkivet vårt er det pr. 31.12.16 tilsaman 822 titlar, mange nye verk er komne til i 2016. I tillegg har orkesteret ei samling med 84 studiepartitur av ulike orkesterverk.

Anna utstyr i orkesteret si eiga: 42 notestativ med 6 tilhøyrande kasser for lagring. 50 samanleggare notestativ med 2 tilhøyrande aluminiumskasser for lagring. 33 større notestativ med 33 tilhøyrande Brett. 40 batteridrivne LED-lampar til note-stativ. 47 enkle lampar med straumkablar til notestativ. 3 dirigentpultar. 2 lampar til dirigentpult. 2 dirigentpodium. 1 solistpodium. 4 høge krakkar. 7 dagslys-lampar. Div. elektriske kablar og kontaktar. 86 aluminiumsbein av ulike lengder til scene-element (12 stk à 59cm, 62 stk à 25cm, 12 stk à 21cm). 1 stor presenning. 1 kopimaskin, type Ricoh Aficio MP1600.

Fossegrimen har sidan 01.01.06 leigd rom i kjellarhogda i Vangsgt. 42 for lagring av instrument, notar og div. utstyr.

## **REKRUTTERING**

Rekrutteringa til orkesteret har heller ikkje i 2016 vore tilfredstillande. Talet på musikarar i orkesteret har vore ganske stabilt, og som tidlegare år har nokre nye kome til medan andre har slutta. Men tilsiget av yngre musikarar som skal driva orkesteret vidare er framleis urovekkjande lågt. Det er serleg trong for strykarar, men også blåsarar. Rekrutteringa er heilt avgjerande for at Fossegrimen skal ha ei framtid. Mangel på faste musikarar gjer at vi må leiga inn ekstramusikarar til konsertane våre for at vi skal halda eit tilfredstillande kvalitetsnivå, noko som igjen medfører vesentlege meirkostnader for orkesteret.

## **UNGDOMAR I ORKESTERET**

Som tidlegare år har vi også i 2016 hatt med nokre unge musikarar i Fossegrimen, kulturskuleelevar og elevar ved Musikklinja på Voss gymnas. Men vi skulle gjerne sett at fleire unge kom fast med i orkesteret. Eit oversyn viser at vel 20 musikarar under 26 år har vore med på eitt eller fleire prosjekt dette året, noko som tilsvarar om lag ¼ av alle dei medverkande musikarane i orkesteret.

## ÆRESMEDLEMER

Orkesteret Fossegrimen har gjennom tidene utnemnd fem æresmedlemer: Leiv Gjerskvål, Johannes Hellene, Sigurd Petersen, Olav Berge og Gaute Sandvik. Nye æresmedlemer er ikkje utnemnde i 2016.

## DIRIGENTEN

Dagfinn Rohde har også i 2016 hatt ei stø og trygg hand med Fossegrimen si musikalske utvikling. Han har vore fast dirigent og kunstnarleg leiar for orkesteret samanhengande sidan hausten 1991. Ved årsslutt er han såleis i sin 26. sesong her, og han har dirigert orkesteret på tilsaman 178 konsertar og andre tilstellingar. Av dei 8 faste dirigentane Fossegrimen har hatt gjennom si snart 100-årige historie er han den som har vore lengst. I desse vel 25 åra har han gjort eit stort arbeid for å heva det musikalske nivået til orkesteret, og dei pedagogiske evnene hans er framifrå. Vi er svært heldige som har han som vår faste dirigent. Øvingane er trivelege og utviklande med fin balanse mellom alvor og skjemt, og under den dugande musikalske leiinga hans har orkesteret også i 2016 gjennomført store og krevjande oppgåver med vellukka resultat.

## GRUPPELEIARAR

I 2016 har Orkesteret Fossegrimen hatt desse gruppeleiarane:

Konsertmeistar:	*Helga Hjetland
2. violin:	Knut Brunvoll
Bratsj:	Eugenio Meneghel
Cello:	*Gunn-Berit Kleiveland
Treblåsarar:	*Øystein Haga
Messingblåsarar:	

Det er særst viktig for orkesteret at det er dugande og inspirerande musikarar som kan ta ansvaret for instruksjon og leiing av alle dei gruppene som er nemnde ovanfor. Distriktmusikarane (merkte med \*) er viktige i denne samanhengen, og arbeidet i Fossegrimen utgjer omlag 20% av kvar av stillingane deira.

## MUSIKARAR

I 2016 har Orkesteret Fossegrimen hatt desse musikarane:

<b>Fiolin:</b>	Helga Hjetland Zhou Hui-lin Håkon Asheim Eila Fjose Knut Brunvoll	Brynjulv Norheim Sara Davidson Wiebke Lüders Sergio Manzetti
<b>Bratsj:</b>	Eugenio Meneghel	Amir Hesham Balali Alsofi
<b>Cello:</b>	Gunn-Berit Kleiveland Svein Fostås Friedemann Erchinger	Christiane Lid Andrea Jasper
<b>Kontrabass:</b>	Peter Palotai	
<b>Fløyte:</b>	Øystein Haga Ann Merete Handegård	Oda Nysæter
<b>Klarinett:</b>	Halvard Bjørgo	Randi Farestveit Eikefjord
<b>Fagott:</b>	Erling Tillung	Peder Ringdal
<b>Waldhorn:</b>	Arne Andersen	Ingrid Sælensminde (H2016)
<b>Trompet:</b>	Olav Dolve Afdal	Jostein Bøyum
<b>Trombone:</b>	Tove Haukås Fosse Frank B. Klebo	Arne Fossberg
<b>Pauker/slagverk:</b>	Bridget Penny	
<b>Cembalo/klaver/synthesizer:</b>	Astrid Gjestvang (V2016)	

I tillegg har disse musikerne vore med på einskildprosjekt:

Edyta Bryk (1. fiolin)	Kristoffer Fløtberget (2. fiolin)
Linda Rea-Herland (1. & 2. fiolin)	Mari Persen (2. fiolin)
Elzbieta Stordal (1. fiolin)	Olav Stordal (2. fiolin)
Eila Fjose (1. fiolin)	Mattias Sønnesyn Olsen (2. fiolin)
Aliya Al-mimi (1. fiolin)	Margrethe Lid (2. fiolin)
Nina Trana (1. fiolin)	Halvor Sommerfelt (2. fiolin)
Sylwia Harasiuk (2. fiolin)	
Terje Torgersen (bratsj)	Christine Schneider (bratsj)
Michelle Sommerfelt (bratsj)	
Hilvi Fjose (fløyte)	Johanna Lid (fløyte)
Svein Olav Sandvik (obo)	Florian Geyer (obo)
Jeffrey Marquardt (fagott)	
Truls Tønnessen (waldhorn)	Tone Berntsen (waldhorn)
Marius Fevang Thorstensen (trompet)	Trond Remme (trompet)
Børge Styve (trompet)	Arild Hellesøy (trompet)
Åslaug Styve (kornett)	Ingrid Vethe Styve (kornett)
Hilde Vethe Styve (trombone)	Øystein Dahl (tuba)
Ivar Kolve (slagverk)	Vidar Vangen (slagverk)
Steinar Røthe (slagverk)	
Lars Hammersland (synthesizer)	Nina Mork Brunvoll (klaver)

## SOLISTAR

Desse har vore solistar med Orkesteret Fossegrimen i 2016:

Helga Hjetland – fiolin (16.01.)  
Ann Merete Handegård – fløyte (16.01.)  
Øystein Haga – fløyte (16.01., 13.03.)  
Mari Persen – fiolin (13.03., 22.10.)  
Asle Haaland – vokal (05.06., 23.10.)  
Styrk Opheim – vokal (05.06., 23.10.)  
Michelle Erika Grewal Sommerfelt – bratsj (03.12., 04.12.)  
Mari Bryn – sopran (03.12., 04.12.)  
Lars Ragnvaldsen – baryton (03.12., 04.12.)

## ANDRE MEDVERKANDE

I tillegg har desse medverka på konsertar i 2016:

Voss Spelemannslag (16.01.)  
Elevar frå Voss kulturskule (13.03., 05.06., 23.10., 04.12.)  
Peder Ringdal – konferansier (13.03.)  
Bandet ”Shades of Blues” – (05.06., 23.10.)  
Gymnaskoret – (23.10.) Korinstruksjon: Elise Varne, Nina Mork Brunvoll.  
Fossegrimens prosjektkor 2016 – (03.12., 04.12.) Korinstruksjon: Lars Ragnvaldsen.

## DIRIGENTAR

På konsertane i 2016 har Fossegrimen vore dirigert av:

Dagfinn Rohde

## KONSERTAR

Orkesteret Fossegrimen har i 2016 spelt offentleg desse gongene:

Laurdag 16.01.: Medv. på 5-års jubiléumskonsert for Voss kulturhus.  
Søndag 13.03.: Voss kulturhus – orkesterkonsert.

- Søndag 05.06.: Voss kulturhus – orkesterkonsert med bandet ”Shades of Blues”.
- Laurdag 22.10.: Gamlekinoen, Voss – medv. på 100-årsfesten for Voss gymnas.
- Søndag 23.10.: Voss kulturhus – orkesterkonsert med bandet ”Shades of Blues” (avslutning på 100-års jubiléet for Voss gymnas).
- Laurdag 03.12.: Dale kyrkje, Dalekvam – Orkesterkonsert med solistar og Fossegrimens prosjektkor 2016.
- Søndag 04.12.: Nain, Voss – Orkesterkonsert med solistar og Fossegrimens prosjektkor 2016.

## ÅRET 2016

Voss kulturhus vart opna i januar 2011, og dette 5-års jubiléet vart markert med ulike tilstellingar, m. a. med ein stor jubiléumskonsert med mange ulike aktørar og innslag laurdag 16. januar i Kultursalen. Fossegrimen saman med Voss Spelemannslag framførte igjen Øivind Westbys *Skjervheim Jubileumsmedley*, og Helga Hjetland, Ann Merete Handegård og Øystein Haga var solistar i Presto-satsen frå Brandenburgkonsert nr. 4 i G-dur Johann Sebastian Bach.

Musikkvalet på den årvisse vinterkonserten i mars månad har vanlegvis vore meir i den tradisjonelt klassiske sjangeren, og i år hadde vi vald eit program med musikk av franske komponistar. Konserten byrja med ouverturen til Francois Boieldieu sin opera *Kalifen i Bagdad*. Fiolinisten Mari Persen har vore solist med oss fleire gonger tidlegare, og denne gongen gav ho ei overtydande framføring av stykket *Après un Rêve* av Gabriel Fauré. Etter å ha vore i elden både før og etter jol fekk Øystein Haga endå ei solistutfordring, nå med Cécile Chaminade sin Concertino for fløyte og orkester, ei oppgåve han løyste med glans. Resten av programmet var rein orkestermusikk, der elevar i Voss kulturskule var med og spelte i fleire av stykka. Georges Bizet sin musikk frå operaen *Carmen* er sett saman til fleire orkestersuiter, og vi framførte den første av desse suitene. Av same komponisten spelte vi også to satsar frå *Suite l'Arlesienne nr. 2*. Claude Debussy var representert med den kjende *Clair de Lune* i eit arrangement for orkester, og av Maurice Ravel hadde vi vald stykket *Pavane pour une infante défunte*. Konserten vart avslutta med den friske og festlege marsjen frå operaen *Faust si fordøming* av Hector Berlioz. Igjen eit vel gjennomført konsertprogram, og i avisa Hordaland kunne vi lesa m. a. at under Dagfinn Rohde si leiing framviste orkesteret ”stor vitalitet ... og med ei framoverlent haldning, med punktlegheit og driv i framføringane”.

Halldor Krogh er fødd og oppvaksen på Voss og spelte i si tid fløyte i Fossegrimen. Han er i dag professor i filmmusikk ved Høgskolen i Lillehammer og musikkprodusent i NRK, der han har arbeidd mykje med Kringkastingsorkesteret (KORK). Som svært musikkinteressert tenåring skipa han og Arne Akselberg saman med fleire andre i 1964 rocke-bandet *Shades of Blues*. Dei vart etter kvart svært populære og fram til 1972 turnerte dei rundt på heile Vestlandet og hadde over 400 speleoppdrag. Etter nærare 20 års kvild oppstod bandet på nytt rundt 1990 med stort sett dei same musikarane som tidlegare, og dei har vore aktive sidan. Med i bandet nå er Halldor Krogh, Asle Haaland, Ole Johan Gjøstein, Styrk Opheim, Steinar Røthe og Lars Hammersland. Førespurnaden om eit samarbeid med Fossegrimen kom frå bandet, og dette ville vi sjølv sagt vera med på. Halldor fann fram kjende låtar av Los Bravos, Procol Harum, Moody Blues, Eddie Floyd, Fleetwood Mac, Rare Bird og Lennon/McCartney, og desse arrangerte han for *Shades of Blues* og Fossegrimen. Prosjektet *Shades of Fossegrimen*, som vart framført søndag 5. juni med Asle Haaland og Styrk Opheim som vokalistar og med Halldor Krogh som gitarvirtuos saman med resten av bandet, vart ein av dei heilt store konsertkveldane i Fossegrimen si lange historie. Ein fullsett Kultursal fekk servert nostalgisk rock, soul og blues i elegante og fengjande tilskippingar, eit overtydande prov på at desse ulike musikkformene så absolutt kan kombinerast med symfoniorkesteret. Då Øivind Westby sitt arrangement av Beatles-låtar til slutt tona ut, ville applausen ingen ende ta. ”Musikkfest for hippie-generasjonen” slo avisa Hordaland fast. Mange klemmar, mykje vellæte og ros til bandet, til orkesteret og til dirigenten Dagfinn Rohde frå eit entusiastisk og takksamt publikum.

Voss gymnas (tidl. Voss off. Landsgymnas) kunne i haust feira 100-års jubileum ettersom skulen kom i gang i august 1916. Orkesteret vårt er på mange måtar eit produkt av verksemda ved denne skulen, lektor Erik Eggen var lektor på gymnaset, det var han som skipa Fossegrimen i 1917 og han var dirigent dei første 15 åra eller så. Mange elevar og lærarar ved skulen har gjennom åra vore aktive og trugne musikarar i orkesteret. Det var derfor naturleg at Fossegrimen var med og markerte dette jubileet med konsert søndag 22. oktober i Voss kulturhus, og etter mange oppfordringar valde vi å ta om att prosjektet med *Shades of Blues*. Musikarane i bandet og mange av orkestermusikarane har eit nært tilhøve til skulen, og det var difor gildt å vera ein del av denne feiringa. Repertoaret var stort sett det same som på konserten i juni, men nå var også Gymnaskoret med i ”Nights in white Satin” av Justin Hayward og i Beatles-låten ”All you need is Love”. Ei verdig og fin avslutning på ei spanande og innhaldsrik jubileumsveke for Voss

gymnas. Kvelden i førevegen var det stor 100-årsfest i Gamlekinoen med mange ulike aktørar og innslag, der også 16-17 musikarar frå Fossegrimen under leiing av Dagfinn Rohde for høvet hadde gjenoppliva det gamle gymnas-orkesteret *Veslefrikk*. Med Mari Persen som solist i "Czardas" av Vittorio Monti gjorde dei stor lukke.

Til den tradisjonelle førjolskonserten valde vi også i år eit program med ariar og korsatsar frå dei ulike korprosjekta vi har hatt gjennom åra i tillegg til nye verk. Lars Ragnvaldsen hadde funne fram høvelege korsatsar, som Fossegrimens prosjektkor 2016 byrja innstuderinga av under hans leiing tidleg på hausten. Rundt rekna 50 songarar var med i koret. Laurdag 3. desember vart programmet framført i Dale kyrkje og dagen etter i Nain på Voss. Først på programmet stod korsatsen "Panis Angelicus" av Cesar Franck før vi fekk høyra 10 år gamle Michelle Erika Grewal Sommerfelt frå Bergen si imponerande framføring av 3. og 4. satsen i Telemann sin bratsjkonsert. Deretter gav sopransolisten Mari Bryn ei inderlig tolking av Franz Schuberts "Ave Maria". Vakkert og overtydande var også tolkinga hennar av arien "Jerusalem, Jerusalem!" frå Mendelssohns oratorium *Paulus*, og saman med koret framførte ho den kjende "Laudate Dominum" av Mozart. Lars Ragnvaldsen var solist i korsatsen "Ich danke dir, Herr" frå Mendelssohns *Paulus*, likeeins saman med Mari Bryn og koret i "Agnus Dei"-satsen i Puccinis *Messa di Gloria*. Koret kom til sin fulle rett i ein sats frå kvar av Cherubini og Mozart sine rekviem. "Hallelujah"-satsen frå Händels *Messias* og "Gloria"-satsen frå Puccinis *Messa di Gloria* var også med. Størst lukke gjorde nok den festlege åpningsatsen i Johann Sebastian Bach sitt *Joleoratorium* "Jauchzet, froh locket!" med flotte trompetfanfarar. Konsertane vart avslutta med allsong med orkesterfylgje til Rudolf Zwartjes sitt arrangement av jolesongane "Det hev ei rosa sprunge", "Eg synger jolekvad" og "Fager er jordi". Dagfinn Rohde leia som vanleg det heile med trygg og sikker hand, og solistar, kor og orkester fekk langvarig og varm applaus. "Skikkeleg honnør til Fossegrimen og koret for kreativ nytenking ved årets førjolskonsert, Ein treng ikkje gå over bekken etter vatn!" kom fram i eit lesarinnlegg i avisa Hordaland. I pausen fekk Voss Spelemannslag overrekt Voss Kommune sin kulturpris for 2016 av leiar for Miljø- og kulturutvalet Vidar Skeie.

Orkesteret Fossegrimen har i 2016 hatt endå eit aktivt år. Vi har gjennomført fire ulike konsertprogram med til dels krevjande musikk fordelt på 5 framføringar i Vaksdal og Voss kommunar. I tillegg har orkesteret heilt eller delvis vore med og spelt på to jubileumsmarkeringar, for Voss kulturhus og for Voss gymnas. Dei ulike konsertprosjekta har som tidlegare år halde eit høgt musikalsk nivå, og publikumsinteressa har også dette året vist ein auke med rundt 170 tilhøyrarar på kvar konsert, til saman rundt 850 personar i 2015. Sjølv om dette talet er oppløftande, så har vi sjølv sagt som mål å auka publikumstalet endå meir. I ei tid med ei mengd ulike tilbod er det ei stor utfordring for orkesteret å få fleire til å koma og høyra på det vi har å by på. Men Fossegrimen sitt omdøme er godt, og det er gledeleg å sjå at det trass i alt er så mange nyttar høvet til å oppleva "levande" orkestermusikk.

Brynjulf Styve, Fossegrimen sin 1. trombonist i nesten 30 år, døydde 26. april vel 66 år gamal etter å ha vore sjuk ei tid. Med dette hadde orkesteret lidd eit stort tap. Som gruppeleiar for messingblåsarane var det ikkje minst takka han at denne seksjonen heldt eit høgt teknisk og musikalsk nivå. Han leia tal-lause gruppe-prøver med messingblåsarane, og då kom dei solide kunnskapane og den lange røynsla hans som korpsdirigent til god nytte. Han fann alltid løysingar når vanskane melde seg, han var grundig og sette krav, krav som han formidla på ein lun og venleg måte slik at alle vart inspirerte til å yta sitt beste.

Jon Gjerdåker, som spelte bratsj i orkesteret i 30 år fram til 2012, døydde 24. september i ein alder av 83 år. Han hadde alltid drøymt om å sitja midt inne i eit orkester og oppleva musikken "innafrå", og då det i Fossegrimen ei tid var stor trong for bratsjistar melde han seg, sjølv om han ikkje hadde spelt strykeinstrument før. Bratsjspelet fekk han etter kvart taket på, men også på andre område var han viktig for orkesterverksemda. I 11 år var han med i orkesteret sitt styre, der han spelte ei sentral rolle, ikkje minst galt å peika ut kursen for orkesterverksemda vidare framover. Etter at han gjekk ut av styret var han i ein 10-års periode ein av orkesteret sine to revisorar.

William Kristiansen døydde 6. oktober nesten 97 år gamal. Han kom med i Fossegrimen første gongen alt i 1962, då på trompet. Men seinare gjekk han over til waldhorn, som han spelte fast fram til han slutta våren 1991. I mest 10 år var han Fossegrimen sin vararepresentant i styret for Voss Musikkfond. Etter at han slutta som aktiv musikar fylgde han interessert med i verksemda til Fossegrimen, og han gjorde video-opptak av fleire av konsertane våre.

Vi lyser fred over Brynjulf Styve, Jon Gjerdåker og William Kristiansen sine minne.

Musikarane i Fossegrimen er trugne og støttar heilhjarta opp om verksemda. Mange har vore aktive i fleire ti-år. Men gjennomsnittsalderen til medlemene er stigande, og rekrutteringa til orkesteret er ikkje



tilfredstillande, vi skulle gjerne hatt med mange fleire yngre musikarar. Nye, yngre krefter er sjølvsagt naudsynte for at orkesteret skal kunna halda fram med verksemda si. Interesse og engasjementet som den einskilde orkestermusikaren har er den viktigaste føresetnaden for at vi kan halda liv i eit orkester som Fossegrimen. Mange av medlemene har ein lang og krevjande arbeidsdag bak seg når dei kjem på øving, men samspelet i den store gruppa er inspirerande og givande, og ofte er ein meir opplagd etter ei øving enn på førehand. Medverknad i Fossegrimen er eit fellesprosjekt, eit særeige høve til samarbeid med likesinna. Her er ingen konkurranse musikarane imellom, kvar einskild bidrar med sitt etter beste evne, og alle er viktige for heilskapen. Effektive øvingar under dugande og trygg leiing er avgjerande for at Fossegrimen skal halda eit tilfredstillande nivå og utvikla seg vidare - utan dirigenten og gruppeleiarane hadde vi ikkje nådd dei musikalske måla vi har sett oss. Dei får oss amatørar til å oppleva meistring og glede ved saman å framføra fin musikk, sjølv om notane ved første gjennomspeling ser nærmast uoverstigeleg vanskelege ut. Utan denne iveren og viljen til "å lyfta i flokk" hadde ikkje Fossegrimen fungert som eit regionalt symfoniorkester, og kvar einskild av oss hadde ikkje fått oppleva den gleda det er å spela i eit stort orkester, glede ved å oppleva orkestermusikk "frå innsida".

2016 var, trass i store og uventa økonomiske vanskar, musikalsk sett eit godt år for Orkesteret Fossegrimen, og med regelbundne konsertar held det fast ved profilen som det regionale symfoniorkesteret det ynskjer å vera.

Voss, den 8. mars 2017

Peder Ringdal

Halvard Bjørgo

Brynjulv Norheim

Knut Brunvoll

Bridget Penny

# Feirar fem år med framsyning og debatt

Voss Kulturhus feirar sine fem fyrste år med eit tett-pakka program til helga. Rosinen i pølsa er ei spesialsydd jubileumsframsyning laurdag kveld.

Breidda i kulturlivet på Voss set preget sitt på jubileumsframsyninga til Voss Kulturhus laurdag kveld. Framsyninga er sydd saman til 5-årsjubileet, og skal leiast av humorduoen Marerutt, som består av Marit Nordheim Olde og Ruth Kristin T. Trå.

Framsyninga starta laurdag på kvelden, og opnar med helsing frå både kulturhussjef og ordførar, før orkesteret Fossegrimen i lag med Voss spelemannslag spelar «Skjervheim Jubileums-medley». Fossegrimen skal også spela med distriktsmusikarane for Voss skulemusikklag tek publikum med til filmen si verd, med «Pirates of the Carabbean». Jan Jøssang og Voss lyrikklag deltek, det same gjer Voss kulturskule. Ungdomslaget deltek med toradarspelarar, det same gjer Vaksenopplæringa.

## Song, teater og debatt

Voss kantori skal syngja, det same skal Bygdaklang. Seinare i programmet kjem også musikarar knytt til Ole Bull Akademiet, Voss Gymnas, Voss rockeklubb og Voss jazzskule. Voss storband avsluttar jubileumsframsyninga med «Fun Time» og «Queen Bee», syner programmet for jubileet.

Men feiringa inneheld også andre element tidlegare på laurdagen. Solfrid Himle har songstund og Adele Lærum Duus syner teater med framsyninga «Farfars bombekrater».



**PROGRAMLEIARAR:** Marerutt leiur jubileumsframsyninga, her frå 40-årsjubileet til Voss Storband, som også deltek i framsyninga laurdag.

ARKIVFOTO: LISA MARIA B. SØLVBERG

Det vert også offisiell opning av utstillinga til kulturskulen. Kulturhuset ber også inn til debatt, med temaet «Kulturhuset 5 år - kva no?»

## Stort kinoprogram

Også Voss kino markerer fem år i kulturhuset, med førpremiere på «Den gode Dinosaur» laurdag, før dei pakkar eit variert program til sundag. Både Karsten og Petra - På safari og Solan og Ludvig - Herfra til Flåklypa går sjølvst. Knudsen og Ludvigsen og den fæle Rasputin går også, til glede for dei yngste.

For dei litt eldre går filmar som Daddy's Home, En mann ved navn Ove, Creed - The Legacy of Rocky og sjølvst Star Wars: The Force Awakens. For dei som



**OPNAR:** Fossegrimen opnar jubileumsframsyninga, og skal spela med både spelemannslaget og distriktsmusikarane.

ARKIVFOTO: LISA MARIA B. SØLVBERG



**SYNG:** Bygdaklang deltek på festen, og skal syngja for publikum.

ARKIVFOTO: KARL YSTANES

er endå litt eldre, syner Voss kino ein time med gamle vossafilmar, vossabryllaup og utflyttarstempe og Sosken til evig tid: Amerikareisa. Panoramafilmen

Voss gjennom fire årstider går også to gonger denne sundagen.

TOR HALVORSEN | tekst  
th@avisa-hordaland.no

"Hordaland". TIRSDAG 12.01.16 s. 8

# VOSS KULTURHUS 5 ÅR



## JUBILEUMSPROGRAM

16.-17. januar 2016



Laurdag  
19.00

Fossegrimen med Distriktsmusikarane  
"Bach Brandenburgerkonsert no. 4,3 sats"  
Voss skulemusikklag "Pirates of the caribbean"  
Voss kulturskule, Bjørg Aurora Tveit (piano) "In-  
vensjon i F-dur" av Johan Sebastian Bach  
Jan Jøssang, Voss lyrikklag "lyrikkinnslag"  
Voss kulturskule, Troy Brandset Norbakk  
"Lascia Ch'io Pianga"  
Voss kulturskule, Julie Røssland (Klarinett) og  
Silje Stråtvelt (piano) "Scherzo"  
Voss kulturskule, Silje Stråtvelt (piano) "Etyde"  
Ungdomslaget, Toradarane "Ingvalsen"  
Voss kulturskule, Insira Vørberg Sabri  
"Listen listen I love my mister man".  
Vaksenopplæringa, Uche Raphael Okoye "Gje meg hands  
di ven"

PAUSE

Voss kantori, kor - "Når jeg blandt englers kor engang"  
og "Sing And Rejoice"  
Bygdaklang "Jentelokken" og "Bånsull frå Østerdalen"  
Vaksenopplæringa, Linda Bordun "Darseinnslag"  
Ole Bull Akademiet "Juvaståtten", Reinlender etter Her-  
man Liahagen (Springar frå Hemsedal)  
Vaksenopplæringa - Djembeinnslag (solo)  
Voss jazzskule - "You Dont Know What Love Is" og  
"Blue Skye Blue Eyes"  
Voss storband - "Fun Time" og "Queen Bee"

Kultursalen  
Kr 100,-



# KONSERT

Voss kulturhus - søndag 13. mars 2016

*Solister:*

**Mari Persen** - fiolin  
**Øystein Haga** - fløyte

*Medverkande*

**Elevar ved Voss kulturskule**

*Dirigent*

**Dagfinn Rohde**

- Francois BOIELDIEU: "Le Calife de Bagdad" - ouverture; arr. Aubrey Winter  
Gabriel FAURÉ: "Après un Rêve" for fiolin og orkester; arr. Henri Busser  
Cécile CHAMINADE: Concertino for fløyte og orkester, opus 107  
Georges BIZET: Frå "Suite l'Arlesienne" nr. 2; arr. Fritz Hoffmann  
*Farandole. Pastorale.*  
Claude DEBUSSY: "Clair de Lune" for orkester; arr. H. Mouton  
Georges BIZET: Orkestersuite nr. 1 frå "Carmen"; arr. Fritz Hoffmann  
*Prélude. Aragonaise. Intermezzo. Seguedille.  
Les dragons d'Alicia. Les Tortadors.*  
Maurice RAVEL: "Pavane pour une infante défunte"  
Hector BERLIOZ: Ungarsk marsj frå operaen "La Damnation de Faust"

*Konserten vert støtta av*

**Voss kommune og Hordaland fylkeskommune**

*Orkesteret Fossegrimen sin hovudsponsor 2014-2016:*



*Neste konsert med Orkesteret Fossegrimen er søndag 5. juni i Voss kulturhus*

# Fransk og framoverlent i kultursalen

Orkesteret Fossegrimen framviste stor vitalitet i sin franske konsert. Og rekrutteringa synest også å vera sikra.

Konserten startar med ein ouvertur til kaffin av Bagdad, eit orkesterførespel der også elevlar frå Voss kulturskule deltek. Og dei unge musikarane, heilt ned i 6-årsalderen, meistra godt dei krevjande notane både på cello, fiolin og fløyte. Kaffin sin ouvertur vart framført tyding, og samstundes lenn på ikkje. Gjennom heile konserten har orkesteret Fossegrimen ei framoverlent haldning, med presisjon og driv i framføringane.

## Ung musikglede

Til denne konserten hadde dei valt musikk av franske komponistar frå det 19. og 20. århundret.

«Musikarane i Fossegrimen har alltid vore opptekne av at dei unge får musikkoppleving, sa Peder Ringdøl, Orkesterskuleen, som vart starta etter initiativ frå Fossegrimen, vart utvidet til Voss Musikskule og i nyare tid Voss kulturskule. Deira elevlar fekk spela saman med det vakre orkesteret søndag, til glede for både dei unge og dei meir nøyde – og for publikum i salen.

## Eter ein draum

Fyrste solist var fiolinist Mari Persen, som sjelv har bakgrunn frå Voss musikskule og Fossegrimen. I dag er ho kulturskulelærar i Os og Sand, i tillegg til å vera frilansmusikar som ofte er med som forsterkende muskar i symfoniorkesteret på Voss.

Gabriel Faure har komponert ein nydelig melodi til diktet «Apete un Elve» (Eter ein draum), som kjerleik og lengt. Denne framførte Persen saman med Fossegrimen til publikum i den store salen i Voss kultursalen. Fløyte Øystein Hags overtok solistpartiet med Concertino for fløyte og orkester, av Cecilie Chaminade. Det virtuose verket er av dei mest kjende frå den



FILMISSE: Mari Persen med bakgrunn frå Orkesteret Fossegrimen var besta inn som solist på Gabriel Faure sin komposisjon «Eter ein draum».

kviselege komponisten som i si tid var ei megastjerne, ifylgje konferansier Ringdøl. Kulturskuleelevane fekk vera med også på dei to satane Fauredele og Pastorale frå «Suite l'Arlesienne», av Georges Bizet. Fyrste sats med bestemt snert

og leiken sjølvvillt. Ellers rekka til orkesteret har stor og godklang.

## Franske kjensler

Claude Debussy og hans samtidige ynskte at kunsten skulle vera eit uttrykk for den spontane

broddeløken mellom sansesopplevingar, kjensler og stemningar. I Clair de Lune er det lynt og fremt klarsatt, fløyte og obo som spelar melodilinjane lett som månekin. I dei seks satane av orkester-suite nr 1 frå Carmen (Biert) fe

ein tydeleggjort kvit kapasitetar som finst i alle dei ulike instrumengruppene. Endå til fagottane får sine tilhøve talar med melodilinjane, tilika med fyrstefolin, fløyte og cello. Walthornet fekk solistrolla i Ravel sin pavane, ein langsam

prosjeksjonsmarsj. Og til avslutning, ungarsk marsj frå operan Faust-fordøminga av Hector Berlioz.

ANNE RVENGE | tekst og foto  
ar@voss.kulturskule.no

«Hecorans». Tirsdag 15.03.16 s.12-13.



# Shades of Fossegrimen

Voss kulturhus - søndag 5. juni 2016

*Eit samarbeidsprosjekt med*

## Shades of Blues

Asle Haaland (vokal), Ole Johan Gjøstein (gitar), Halldor Krogh (el.gitar)  
Styrk Opheim (el.bass), Steinar Røthe (slagverk), Lars Hammersland (keyboards)

*Andre medverkande:*

**Elevlar ved Voss kulturskule**

*Dirigent:*

**Dagfinn Rohde**

Los Bravos: "Black is Black" – arr. Halldor Krogh

Moody Blues: "Nights in White Satin" – arr. Halldor Krogh

Johann Sebastian Bach / Procol Harum:

Air / "A Whiter Shade Of Pale" – arr. Halldor Krogh

Eddie Floyd: "Knock on Wood" – arr. Halldor Krogh

Fleetwood Mac: "Need Your Love So Bad" – arr. Halldor Krogh

Rare Bird: "Sympathy" – arr. Halldor Krogh

John Lennon / Paul McCartney: "All You Need Is Love" – arr. Halldor Krogh

John Lennon / Paul McCartney: "Beatles-Selection" – arr. Øivind Westby

*Konserten vert støtta av*

**Voss kommune og Hordaland fylkeskommune**

*Orkesteret Fossegrimen sin hovudsponsor 2014-2016:*



*Neste konsert med Orkesteret Fossegrimen er søndag 23. oktober i Voss kulturhus*

# Musikkfest for hippiegenerasjonen

"Hippierne"  
Tilgjengelig 1968-1970

A blanda nostalgisk rock, soul og blues med fullt symfoniorkester kunne ha enda sønn eit magerplask. I staden vart det hørt i takt og terningant 6, basert på applausen frå publikum.

Det vinga til i opphengsmann-om, «Back to Back». Vokalist Ade Hovland velta noko servere då han laust seg i gong med det ambulant prosjektet, og i mellomrommen revta under trykkt 50 musikkgrupper sine symfoniskare. Men til 50 minuttar var var medings klar. Dette var eit samfund som laust seg.

Og Shaolin Of Elan gitarist Halldór Krøgh hadde gjort ein fornedlet jobb med å skildre det.

## Klassisk rock

Litt sommar var på og på eit av popkulturmarknadene sine avigzerte. Mindy Blom vart «Waltz to Why»-sitar, som på alle sidar har klassiske dansesymfoniar.

Verket vart ført opp det som nå vart rekna som vakkert symfonisk, som i kulturverdet vart ei sjeldn skemda av Østerns Høg.

Og så var ein verkeleg inn i fortid av klassisk avdeling, med «Whiter Shade Of Pale» som neste nummer. Opphengsmannen i Prins Hovland har sjølv spela komposisjon med fullt symfoniorkester i ulike sammentrekk, så det var ikkje nytt og uopprett å verkeleg inn i Voss kulturverda. Men, er ikkje er basert på to verk av Johann Sebastian Bach, og i denne versjonen hadde Halldór Krøgh lagt inn Bach sine originale i hegt endar av låten. Ein interessant og, som for alle vndertrykta av Bach er den verkeleg komponert av denne verdsligare til 1967.

## Sjøn og lovende

Vil og ten, litt korleis ville samfundet. Sjølvsagde når det er godt og då og blåes som skilte kjemndu? Svart kom kontant, i form av «Back to Back». Tule-let var plassert så fast innom, og sterke mæra og om meningsfulle samsvar ein litt så tid. Kraft, styrke og innsett, kombsert med modern styrkeitt full gussar i Shades of Blues.

Innen vart alvare mæra det lyn og kraft. Kom vokalist Ade Hovland fortalte, då han introduserte låten. Og både Eric Clapton og David Bowie har gjort sine versjonar, så Hovland, som opplyste at originalen vart framført av Eddie Floyd. Soulful og er så lag gassaren der Hovland er så nede kjem best til sin. Ein skildring taktyk?

Storbrar sto elles kreflig til-bede i sote til klassikarom «New Year Love So Bad». Her var det på alle sidar stredypande storbrar som vndertrykta teksten, dette var i tillegg blues der Halldór Krøgh for alle folk var ein kress gitarist han er. No var det full for i saken.

## Trompetlære

I «Synchro» fikk publikum høyre hørt. Det var i tillegg blues som vndertrykta teksten, med å lese og lage snot, med en hel så som



MUKTIG. Med fullt symfoniorkester i ryggen, får 50-tallet sin populærmusikk strikket ut preg av å være denne epoken sin klassiske musikk. Og kanskje det er det, som hundre år?

vart løst med på scenen i Beatles-klassikeren «All You Need Is Love». Og så var det en kontant i form av «Back to Back».

Hovland var det på alle sidar The Beatles som framde grunn, gjennom et spennende potpourri som omfatta et krysse Lennon-John-Carter-ordene. (Arrogant av Østerns Høg).

Opplyste symbolske verk som «Sunday» og «Dinner in the Sky» var sjeldne med, i denne sammenheng var det sjeldne belit andre klar som til grunn.

Men dette er musikkgrupper som «The Beatles» som har gjort sine versjonar, så Hovland, som opplyste at originalen vart framført av Eddie Floyd. Soulful og er så lag gassaren der Hovland er så nede kjem best til sin. Ein skildring taktyk?

Storbrar sto elles kreflig til-bede i sote til klassikarom «New Year Love So Bad». Her var det på alle sidar stredypande storbrar som vndertrykta teksten, dette var i tillegg blues der Halldór Krøgh for alle folk var ein kress gitarist han er. No var det full for i saken.



ENTUSJASTIK. Musikarane Gode Hovland og Erna Hovland var denne gangen berre publikum i øyeblikket. Men begge forklarte at de hadde storlyst seg gjennom hele konserten.

forrest, med krav en eksklusivitet som Hovland var kjent om. Men med et snot innsett av ein stinnid konsert i Voss kulturverda, så det som kjem og til et snot.

## Musikk til høsten?

Musikk til høsten? – I alle fall ikke som et har vært 1968, har alle som ikke er utarbeidet, som om dette, dette har vore fantastisk. I tillegg er det berre og no, så Polve Ringdal til Hovland så applausen endelig hadde lagt seg.

– Men ja, vi har gleder om med et snot innsett av ein stinnid konsert i Voss kulturverda, så det som kjem og til et snot.

– I alle fall ikke som et har vært 1968, har alle som ikke er utarbeidet, som om dette, dette har vore fantastisk. I tillegg er det berre og no, så Polve Ringdal til Hovland så applausen endelig hadde lagt seg.

## – Storkosa oss med musikken

MUSIKK: Etter konserten kom alle medlemmene ut og ga gode og varfulle kommentarer til det som hadde vært en fantastisk opplevelse for alle som hadde vært til stede.

Mellom grunnforskere var et snot innsett av ein stinnid konsert i Voss kulturverda, så det som kjem og til et snot.

– Og alle forklarte entusiastisk at det hadde vært en storartet opplevelse som publikum i saken.

## Harde singelplater

– The Beatles var sjeldne med, i denne sammenheng var det sjeldne belit andre klar som til grunn.

– Men så musikken her var velkjent, storbrar som «The Beatles» som har gjort sine versjonar, så Hovland, som opplyste at originalen vart framført av Eddie Floyd.

– Og alle forklarte entusiastisk at det hadde vært en storartet opplevelse som publikum i saken.

– Men så musikken her var velkjent, storbrar som «The Beatles» som har gjort sine versjonar, så Hovland, som opplyste at originalen vart framført av Eddie Floyd. Soulful og er så lag gassaren der Hovland er så nede kjem best til sin. Ein skildring taktyk?

– Hva var det aller beste? – Skal og rekke frem en kommentar, så det var til Eric Clapton og Bowie.

– Beatles-tillaga var i alle fall veldig kjekt. Men dette var en fantastisk opplevelse for alle som hadde vært til stede.

– Og alle forklarte entusiastisk at det hadde vært en storartet opplevelse som publikum i saken.

## Arrangerer i vinter

– Det blei starta vakkert med at dette opplegget blei storbrar som «The Beatles» som har gjort sine versjonar, så Hovland, som opplyste at originalen vart framført av Eddie Floyd.

– Og alle forklarte entusiastisk at det hadde vært en storartet opplevelse som publikum i saken.

– Men så musikken her var velkjent, storbrar som «The Beatles» som har gjort sine versjonar, så Hovland, som opplyste at originalen vart framført av Eddie Floyd.

– Og alle forklarte entusiastisk at det hadde vært en storartet opplevelse som publikum i saken.

– Hva var det aller beste? – Skal og rekke frem en kommentar, så det var til Eric Clapton og Bowie.

– Beatles-tillaga var i alle fall veldig kjekt. Men dette var en fantastisk opplevelse for alle som hadde vært til stede.

– Og alle forklarte entusiastisk at det hadde vært en storartet opplevelse som publikum i saken.

## Arrangerer i vinter

– Det blei starta vakkert med at dette opplegget blei storbrar som «The Beatles» som har gjort sine versjonar, så Hovland, som opplyste at originalen vart framført av Eddie Floyd.

– Og alle forklarte entusiastisk at det hadde vært en storartet opplevelse som publikum i saken.

– Men så musikken her var velkjent, storbrar som «The Beatles» som har gjort sine versjonar, så Hovland, som opplyste at originalen vart framført av Eddie Floyd.

– Og alle forklarte entusiastisk at det hadde vært en storartet opplevelse som publikum i saken.



# KONSERT

AVSLUTNING PÅ 100-ÅRS JUBILÉET FOR VOSS GYMNAS

Voss kulturhus - søndag 23. oktober 2016

*Medverkande:*

## Shades of Blues

Asle Haaland (vokal), Ole Johan Gjøstein (gitar), Halldor Krogh (el.gitar)  
Styrk Opheim (el.bass), Steinar Røthe (slagverk), Lars Hammersland (keyboards)

Gymnaskoret - Elevar ved Voss kulturskule

*Dirigent:*

Dagfinn Rohde

Henry Mancini: "The Pink Panther" – arr. Roy Phillippe

John Lennon / Paul McCartney: "Beatles-Selection" – arr. Øivind Westby

Los Bravos: "Black is Black" – arr. Halldor Krogh

Moody Blues: "Nights in White Satin" – arr. Halldor Krogh

Johann Sebastian Bach / Procol Harum:

Air / "A Whiter Shade Of Pale" – arr. Halldor Krogh

Eddie Floyd / Steve Cropper: "Knock on Wood" - arr. Halldor Krogh

Fleetwood Mac: "Need Your Love So Bad" - arr. Halldor Krogh

Rare Bird: "Sympathy" – arr. Halldor Krogh

John Lennon / Paul McCartney: "All You Need Is Love" – arr. Halldor Krogh

*Konserten vert støtta av Voss kommune*

*Orkesteret Fossegrimen sin hovudsponsor 2014-2016:*







# KONSERT

Dale kyrkje, Dalekvam - laurdag 3. desember 2016

Nain, Voss - søndag 4. desember 2016

*Medverkande:*

**Michelle Erika Grewal Sommerfelt** (bratsj)

**Mari Bryn** (sopran) - **Lars Ragnvaldsen** (baryton)

**Fossegrimens prosjektkor 2016**

*Korinnstudering:*


**Lars Ragnvaldsen**

*Dirigent:*

**Dagfinn Rohde**

- Cesar FRANCK: Kor "Panis Angelicus" frå *Messe Solenne*
- Johann Philipp TELEMANN: Frå konsert for bratsj og orkester, G-dur  
3. Andante 4. Presto
- Franz SCHUBERT: Arie "Ave Maria"
- Luigi CHERUBINI: Kor "Sanctus" frå *Rekviem*, c-moll
- Wolfgang Amadeus MOZART: Kor "Lacrimosa" frå *Rekviem*, d-moll
- Georg Friederich HÄNDEL: Kor "Hallelujah" frå oratoriet *Messias*
- Pause 10 min.*
- Felix MENDELSSOHN: Arie "Jerusalem" frå oratoriet *Paulus*  
Arie m/kor "Ich danke dir, Herr, mein Gott" frå oratoriet *Paulus*
- Giacomo PUCCINI: Kor "Gloria - Qui tollis peccata mundi" frå *Messa di Gloria*  
Duett "Agnus Dei" frå *Messa di Gloria*
- Wolfgang Amadeus MOZART: Arie m/kor "Laudate Dominum" frå *Vesperae solennes*
- Johann Sebastian BACH: Kor "Jauchzet, froh locket" frå *Joleoratoriet*
- arr. Rudolf ZWARTJES: Allsong med orkester: "Det hev ei rosa sprunge" –  
"Eg synger jolekvad" – "Fager er jordi"

*Fossegrimen sin hovudsponsor:*





► **OKESTER:** Fossegrimen med kor i kyrkja på Dale. (Foto: Kyrkjebladet.)



► **SOLISTAR:** Lars Ragnvaldsen og Mari Bryn song saman med Fossegrimen. (Foto: Kyrkjebladet.)

fleire lydhøyre døme på.

#### Dale kyrkje

Same dagen var det konsert med Fossegrimen i kyrkja på Dale. Bortimot 100 personar hadde benka seg, og det er sjeldan det er eit så stort kor saman med eit fullt symfoniorkester i kyrkja. Dirigert er Dagfinn Rohde.

- Det er ikkje ofte me kan avslutta ein konsert og syngja «Fager er jorda» til slikt eit tonefølgje, er kommentaren frå Frode Kvamsøe, ein dei mange som fekk ei stor oppleving.

#### - Imponert over nivået

Noko av det beste var nok Hallelujakoret, og solisten Mari Bryn.

Michelle Erika Grewal Sommerfelt, ti år gammal på filoin, var også eitt av høgdepunkta.

Felemakar Einar Magne Straume var spesielt imponert over niaringen.

- Det var rett og slett fantastisk å høyra slikt eit vakkert spel frå ei så ung jente, meiner Straume.

Og så Lars Ragnvaldsen då. Han har vore sentral i kordelen. Koret talde rundt 50 songarar i kyrkja på Dale. I 29 av dei 30 åra Fossegrimen har hatt slike forjulskon-

serter, har Lars Ragnvaldsen vore med.

'VAKSDALPOSTEN'  
Torsdag 08.12.16 s. 10-11.



## Sett & frett

■ - Stikkeleg honnør til Fossegrimen og koret for kreativ nyttenking ved årets julekonsert! «Ein treng ikkje gå over bekken etter vatn», heiter det, noko som våre lokale solistar, Mari Bryn og Lars Ragnvaldsen, viste til gagns. For ikkje å snakka om vesle, dyktige Michelle på bratsj. Og avslutninga der alle var med og stemte i julesongar, var magisk! skriv ein glad konserttilhøyrar på e-post til blåstova.



APPLAUS: Mari Bryn hausta god applaus under konserten i Nain.

## Mari imponerte med Fossegrimen

**KONSERT:** Mari Bryn sin vakre røyst lyfta konsertopplevinga i Nain søndag.

- Eg er glad for at eg vart spurd om å vera med på denne konserten. Det er alltid spennande å syngja med Fossegrimen, seier Mari Bryn. Etter konserten var det mange som kom bort til henne og takka for den fine prestasjonen. Bryn har flytt tilbake til heimbygda og har byrja som

lærer på full tid. Ho frilåssar som songar.

### Sterk opning

Laurdag hadde Orkesteret Fossegrimen julekonsert i Dale Kyrkje. Søndag var det same programmet å høyra for publikum i Nain. Det tradisjonsrike orkesteret hadde med seg tre solistar. I tillegg til Mari Bryn, var ti år gamle Michelle Erika Grewal Sommerfelt og Lars Ragnvalds-

sen med. Fossegrimen sitt prosjektkor 2016 deltok også. Og konserten var som vanleg leia av dirigent Dagfinn Rohde.

Desemberkvelden vart opna med «Panis Angelicus» frå Messe Solenne av Cesar Franck. Her synta med ein gong prosjektkoret at det har jobba godt.

Michelle Erika Grewal Sommerfelt frå Bergen er berre ti år gammal. Men under to Telemann-satsar spela ho bratsj på

ein måte som fekk lokka fram god applaus frå publikum. Så var det rett på sopran Mari Bryn og den vakre arie «Ave Maria» av Franz Schubert. Ho song så vakkert, at publikum gledde seg til det ho skulle syngja seinare i konsertprogrammet.

### Syng med!

Lars Ragnvaldsen (baryton) var solist, og song også saman med Mari Bryn. Ragnvaldsen fridde

til publikum, og fekk heile Nain til å syngja med på «Det hev ei rosa sprunge». «Eg synger julekvad» og «Fager er jordi».

- Er det ikkje flott at me har eit symfoniorkester her lokalt? Og no er driftsstasjonen sikra. Så no har de sjansen til å syngja med eit symfoniorkester. Eg håpar de syng så høgt at de ikkje kan høyra koret vårt.

BRJAN BRATTETVEIT | tekst og foto  
obr@avis-hordaland.no

Hordaland, Tirsdag da 12.16 s. 15.



**LINDA REA HERLAND**  
**FØDD:** 1959 i Enniskillen, Irland.  
**UTDANNING:** Fiolinist frå Royal Academy of Music, London.  
**YRKE:** Fiolinlærer i kulturskulane i Vaksdal og på Osterøy. Freelance fiolinist.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Fiolinist i to omgangar, fyrst 1988-89, fast siste ti åra.



**FLORIAN GEYER**  
**FØDD:** 1979 i Karlsruhe, Tyskland.  
**UTDANNING:** Doktorgrad i oseanografi ved Nansensenteret i Bergen. Master i geofysikk, UIB.  
**YRKE:** Forskar på oseanografi og undervasskustikk i polarområda, på Nansensenteret.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Oboist i om lag 3tte år.



**FRIEDEMANN ERCHINGER**  
**FØDD:** 1963 i Stuttgart, Tyskland.  
**UTDANNING:** Medisinsk embetseksamen frå Freiburg. Spesialist i indremedisin frå Tyskland. Spesialist i mage-tarm frå Noreg.  
**YRKE:** Overlege ved Medisinsk avdeling, Voss sjukehus og Helsekvalitet Universitetssjukehus.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Cellist i sju år.



**SERGIO MANZETTI**  
**FØDD:** 1975, Pisa i Italia  
**UTDANNING:** Master i bioteknologi, Kjemingeniør, gjesteforskar i miljøteknologi og nanoteknologi.  
**YRKE:** Forskar ved Fjordforsk AS, Vangnes.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Fiolinist i om lag 10 månader.



**CHRISTIANE WIEMANN LID**  
**FØDD:** 1967 i Frankfurt, Tyskland.  
**UTDANNING:** Arkitekt.  
**YRKE:** Jobbar for KLP forsikring som forretningsarkitekt.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Cellist i 16 år.



**WIEBKE LÜDERS**  
**FØDD:** 1979 i Karstädt, Tyskland.  
**UTDANNING:** Instrumentkonservator.  
**YRKE:** Instrumentkonservator ved Ole Bull Akademiet.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Fiolinist i snart to år.



**EUGENIO MENEGHEL**  
**FØDD:** 1967, i Kirgisistan, Sovjetunionen. Flytta seinare til Novosibirsk, italiensk statsborgar.  
**UTDANNING:** Musikkpedagog, master frå Griegakademiet, program utøvande musikk.  
**YRKE:** Vikar i Bergen kulturskule. Har også enkeltleiarar.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Bratsjist i fem år.

## Det internasjonale O

Dei er bioingeniørar og psykiatarar, havforskarar, pedagogar og profesjonelle musikkarar. Dei er 14 i talet og har to ting felles: dei er alle av utanlandsk opphav og dei spelar i Orkesteret Fossegrimen.

Då fylkesadministrasjonen fekk ut at dei ikkje lenger ville gje Fossegrimen fylkeskommunalt driftstilskot, var ein av argumenta at orkesteret ikkje var regionalt nok. Det var ein grov skivebom, for ikkje berre er vårt lokale symfoniorkester regionalt, men det er også internasjonalt så det held: 14 av musikarane, meir enn ein tredel, er utlendingar!

**UTANLANDSKE MUSIKARAR** er langt frå noko nytt i Fossegrimen si 99-årige søge. Helgi Valtysen kom til Voss som gymnastikk- og songlærer ved Voss offentlege landsgymnas alt i skulen sitt andre leveår. Dermed var den islandske bratsjisten med i Fossegrimen heilt frå oppstarten i 1917 og i tre år framover - då han òg slutta som gymnastlærer.

Og då den neste musikaren med utanlandsk opphav underviste på landsgymnasaset. Det var lektor Theodore Slette. Han var fødd og oppvaksen i Wisconsin, USA, med foreldre som hadde utvandra frå Gudbrandsdalen. Slette kom til gamlandet som elev ved Voss folkehøgskule. I 1921 tok han filologisk embetseksamen ved Universitetet i Oslo, og same året vart han tilsett som lektor ved Voss offentlege landsgymnas. I Fossegrimen var han med som fagottist i åra 1922-32.

Etter desse to, var det ingen utanlandske musikkarar med før Norma Eleane Nedberg. Ho spelte bratsj i Fossegrimen frå 1947 til -52. I tillegg underviste ho både i fiolin og bratsj og starta Orkesterkolen - forløparen til det som i dag er kulturskulen - saman med ektemannen - organist og dirigent Carl-Troand Nedberg.

Vidare utover på 50- og 60-talet kom det ein og annan med utanlandsk statsborgarskap, men så mange som no har dei aldri vore på ein gong.

**DEI 14 REPRESENTERER** si nasjonalitetar: Kina, Polen, Irland, Holland, Tyskland, Italia, Syria, Ungarn og Storbritannia.



**FARGERIKT FELLESKAP:** Ni nasjonar og 14 musikkarar på eitt brett. Frå venstre: Sergio Manzetti, Ar Dandaban, Peter Palotas, Andrea Jasper, Edyta Bryk, Eugenio Meneghel, Linda Rea Herland, Hui-lin Zhou.

sia, Tyskland toppar lista med sine fire - alle saman strykarar.

Kinesiske Hui-lin Zhou er den som har vore med lengst av dei noverande. Han og kona Zhulian Zhang kom til Noreg i 1988 for å studera norsk folkemusikk. Fiolinisten Hui-lin og pipa-spelaren Zhulian vart elevar på Voss folkehøgskule, men situasjonen i heimlandet etter demonstrasjonane på Den himmelske fredss plass våren -89 gjorde det farleg å vonda heim. Lærer Per Indrethun hjalp dei med å få norsk asyl og sidan har paret vore her. Hui-lin har vore fiolinist i Fossegrimen heilt sidan -88, fyrst to år som 2. fiolinist, deretter som 1. fiolinist. Han og Zhulian er bosette på Dale. Hui-lin er no pensjonist, men spelar framleis i Fossegrimen.

Den ferskaste på laget er Sergio Man-

zetti. Fødd i Pisa, Italia. Han har mor frå Sunnmøre og kom til Noreg som tåring. Sergio har i dag norsk statsborgarskap. Han har ein master i bioteknologi, bus på Vangnes og jobbar som forskar for Fjordforsk AS, eit selskap som samarbeider med fleire universitet i Europa. Sergio tok til å spela fiolin så seint som i 2014. Han er særleg oppteken av barokken og har Locatelli og Corelli som sine favorittar. Det er ikkje meir enn rundt ni månader sidan han tok til å spela i Fossegrimen.

**BAKGRUNNEN ER HEILT** ulik, men alle dei 14 musikarane har det til felles at dei set uvanleg stor pris på å vera ein del av Orkesteret Fossegrimen.

- Eg storkosar meg! smiler pobke Edyta Bryk. Profesjonell fiolinist frå



**AMIR M HESHAM BALALI AL SOFI**  
**FØDD:** 1985 i Syria.  
**UTDANNING:** Bratsjst, utdanna i Syria og Egypt.  
**YRKE:** Kom til Noreg som flyktning i 2015.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Bratsjst i litt over eitt år.



**EDYTA BRYK**  
**FØDD:** Polen.  
**UTDANNING:** Fiolinist, utdanna i Polen.  
**YRKE:** Fiolinist i Bergen Opera.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Fiolinist i fem år. Er berre med på Fossegrimen sine prosjekt.



**PÉTER PALOTAI**  
**FØDD:** 1979 i Budapest, Ungarn.  
**UTDANNING:** Kontrabassist, utdanna i Ungarn og Italia, master frå Musikkademi Franz Liszt, Budapest.  
**YRKE:** Kontrabassist i Bergen Filharmoniske Orkester. Kontrabasslærer på Griegakademiet. Kontrabasslærer i Bergen kulturskole.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Kontrabassist i seks år.



**HUI-LIN ZHOU**  
**FØDD:** 1949 i Beijing, Kina.  
**UTDANNING:** Fiolinist frå musikkonservatoriet i Shanghai.  
**YRKE:** Pensjonist.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Fiolinist i 28 år, 25 av dei som 1. fiolinist.

# Orkesteret Fossegrimen



Amir M Hesham Balali Al Sofi, Friedemann Erchinger, Bridget Penny, Wiebke Lüders, Florian Geyer, Sara og Christiane Wiemann Lid.

Polen. Til dagleg spelar ho i Opera Bergen og er busett i Ullensvang. Ho har vore med på alle Fossegrimen sine prosjekt sidan 2011 og tykkjer ikkje det er gjer det minste å koma frå Ullensvang til Voss kvar veke for å øva.

– Kvaliteten i orkesteret er svært bra! slår ho fast.

– All ære til Peder Ringdal! Han gjer ein fantastisk jobb som leiar. Og dirigent Dagfinn Rohde trakkar aldri nokon på tærnel sprudlar Linda Rea Herland på sjarmende bergensk-irsk. Også ho er profesjonell fiolinist, utdanna på sjølvaste Royal Academy i London og har spelt i Fossegrimen i to omgangar. No sist frå 2006.

– **DET ER SOM Å KOMA HEIM**, seier italienske Eugenio Meneghel. Bratsjsten er

oppvaksen i Kirgistan i det gamle Sovjetunionen. Han er utdanna pedagog, med særleg interesse for å undervisa born. Meneghel har spelt i Fossegrimen dei siste fem år, bur på Viksdal og jobbar no som vikar i Bergen kulturskole.

Også Amir M Hesham Balali Al Sofi stortrivst i Fossegrimen. Som flyktning frå Syria, kom han hit til landet i fjor. Fyrst til Oslo, deretter til Voss. Amir spelar bra og er utdanna frå Syria, med ein master frå Egypt. Vona er å få studera vidare her i landet, med ein doktorgrad som mål. Han håpar også å få undervisa i musikk.

Cellisten Friedemann Erchinger frå Stuttgart er overlege ved medisinsk avdeling på Voss sjukehus og Haukeland Universitetssjukehus. Cello har han spelt sidan han var 12, og han set sær-

leg pris på fellesskapen han opplever i Fossegrimen. Samtundes som orkesteret har ein profesjonell dirigent med humør, og som hentar det beste ut av kvar einaste musikal på kvar konsert.

Tyske Andrea Jasper er psykiater og allmennlege ved Bjørkeli Dagpsykiatriske senter (DPS) som arbeidstid. Også ho er cellist og kom til Voss i 2013. Før ho kom hadde ho sjekka om det fanst eit kammerorkester eller noko liknande ho kunne vera med i.

– Godt det finst eit slikt tilbod ute i distriktet. Det er temmeleg internasjonalt, samtundes som ein møter «ekte» vossingar. Saman med den store naturen og ein krevande og gjevande jobb, gjer Fossegrimen det verd å bu på Voss.

– **DET Å HA** desse utanlandske musikarane er svært viktig for oss. Orkesteret er sjølvstøtt og opne for alle, uansett kven dei er eller kvar dei kjem frå, men alle desse musikarane har drive med musikk på ulike plan og har mykje å koma med og tilføra oss, både musikalsk og menneskeleg, seier Peder Ringdal, leiar i Fossegrimen. Han gjev dirigent Dagfinn Rohde mykje av æra for at alle nye gir så smertefritt inn i orkestermiljøet, og at det ikkje spelar nokon rolle kva kultur du kjem frå.

– Dagfinn er ikkje berre fagleg dyktig, han er også svært omgjengelig og har evna til å få folk til å trivast, Dagfinn set krav, men ikkje urealistiske krav. Han kjenner kvar einaste musikal sine sterke og svake sider og veit kva me som orkester er i stand til å meistra.

– **DET ER HEILT FANTASTISK** at Voss har eit symfoniorkester! seier tyske Florian Geyer. Til dagleg er han havforskar, knytt til Nansensenteret i Bergen, men etterstom Fossegrimen ikkje har egne oboistar på nokre år, har han vore fast vikar i orkesteret dei siste åtte år.

– Det er utruleg kjekt å vera med, ei flott avveking frå jobben.

Kanskje er det Erchinger som oppsummerer stemninga og kjemien i orkesteret aller best:

– Det finaste med å vera amatørmusikar er at du ikkje treng å vera redd om ikkje alt er så perfekt som ein gjerne ønskjer. Me får ikkje trekk i løna om me spelar feil notar!

NILS EVANGSDAL | tekst og foto  
 nk@avisa-hordaland.no



**SARA DAVIDSON**  
**FØDD:** 1989 i Holland.  
**UTDANNING:** Logoped.  
**YRKE:** Jobbar med vaksenopplæring og logopedi i Voss kommune.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** 2. fiolinist sidan 2015.



**ANDREA JASPER**  
**FØDD:** 1957 i Tyskland.  
**UTDANNING:** Psykiater og allmennlege.  
**YRKE:** Overlege ved Bjørkeli DPS.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Cellist i tre år.



**BRIDGET PENNY**  
**FØDD:** 1966 i England.  
**UTDANNING:** Cand. philol., religionsvitenskap ved UiB. Spesialpedagogikk tilpassa opplæring og lese og skrivevanskar ved Høgskolen i Bergen.  
**YRKE:** Dagleg ansvarleg for drifta av Vestnorsk kulturskademiet.  
**FARTSTID I FOSSEGRIMEN:** Paukist/slagverkar i fire år.

# Dramatisk kutt for Fossegrimen

For første gong på 30 år får ikkje Fossegrimen driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune. Tilskotet utgjer 25 prosent av budsjettet, og kuttet er dramatisk for orkesteret. – Hausten ser mørk ut, seier styreleiar.

Sidan 1986 har orkesteret Fossegrimen kvart år søkt, og fått, driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune, fordi orkesteret er definert som eit regionalt kulturtiltak. Då fylkestinget vedtok budsjettet for inneverande år i desember, vart ikkje Fossegrimen «vurdert til å ha tilstrekkeleg regional funksjon», som det heiter i budsjettvedtaket.

– Me er usammede i denne vurderinga, seier styreleiar i Fossegrimen, Peder Ringdal.

## Melding i februar

Det er klart at kuttet i støtte til Fossegrimen vart gjort då budsjettet for Hordaland fylkeskommune vart vedteke i desember. Kuttet «gjekk under radaren» til både fylkespolitikarar og orkesteret, og Fossegrimen fekk ikkje melding om kuttet før 22. februar i år, nær to månader ut i driftsåret, utan noko form for førehandsvarsel.

– Me søkte på vanleg måte innan fristen i fjor, og har ikkje høvert noko frå fylket for me fekk brev om at me ikkje får driftstilskotet. Hadde me fått signal om dette tidlegare, ville me sjølvsgagt handtert det, seier styreleiar Peder Ringdal.

No er planane for vårsemester lagt, og orkesteret er i ferd med å planleggja hausten. Men når over 200.000 kroner forsvinn på inntektsida, seier det seg sjølv at det vert vanskeleg å halda aktiviteten oppe på same nivå. Ringdal er usikker på kva konsekvensar det til sjande og sist får, men er uroleg for vidare drift av orkesteret.

– Dette er dramatisk for Fossegrimen, det er det ingen tvil om, seier han.

## Skore til beinet

Driftstilskotet utgjer ifylgje Ringdal om lag 25 prosent av driftsbudsjettet. Det betyr at utan tilskotet må orkesteret kutta kostnadane sine monaleg. Og det er ikkje mogleg, utan at det får konsekvensar for orkesteret og den musikalske kvaliteten.

– Me er skore til beinet alt no. Dette vil medføra at me truleg ikkje kan nytta oss av distrikt-



**URDA STYRELEIAR:** – 200.000 kroner i fylkeskommunal støtte er inndrege frå og med i år. Dette ser mørkt ut, seier Peder Ringdal, styreleiar for Fossegrimen.

ARKIVFOTO: VIDAR HERRI

musikarane og innleigde andre profesjonelle musikkarar slik me har gjort til no. Det er jo samspelt mellom amatørane og dei profesjonelle som gjer det meiningfullt å vera med i orkesteret, og som sikrar den musikalske kvaliteten, seier Ringdal.


## Regionalt kulturtiltak

Tidlegare har fylket signalisert at for å vera eit regionalt kulturtiltak må Fossegrimen ta inn musikkarar frå heile regionen, og halda ein til to konsertar i regionen, i tillegg til Voss, Årleg, Ringdal seier dette har orkesteret gjort. Fossegrimen har no bede om eit møte med fylkesdirektor for kultur og idrett, Per Morten Ekerhovd. Ringdal seier til Hordaland at om fylket ikkje er nøgd med det arbeidet Fossegrimen har gjort, burde orkesteret fått signal om dette.

## Årleg søknad

Tidlegare har det vore årleg søking om driftstilskot, men frå og med i fjor søkte ein om driftstilskot tre år om gongen. Dette vart reversert av fylkestinget denne veka, slik at ein framleis skal søkja driftstilskot årleg, søknadsfrist for neste år er truleg i mai. Men det er eit ope spørsmål om Fossegrimen vil få tilskot uansett. Fylkesdirektor Per Moten Ekerhovd seier orkesteret no i større grad må sjåast som eit lokalpolitisk ansvar.

– Me har avgrensa midlar på kulturfeltet. Til grunn for det budsjettet som fylkestinget vedtok, låg ei streng administrativ



**HØGT VERDSETT:** Dirigent Dagfinn Rohde og resten av Fossegrimen tek imot stor og god applaus etter ein konsert i Gamlekinoen i juni 2014. Orkesteret har ei høg stjerne, me får no svært vanskeleg for å halddøppe aktiviteten. FOTO: ØBJAR BRATTVEIT

vurdering av den regionale tydinga til dei som vart innstilt til fylkeskommunal driftstilskot – og ei like streng politisk prioritering. Prioriteringa er mellom anna heimla i nysgj vedteken Regional plan for kultur 2015-2025. Prosessen førte til at Fossegrimen fall ut av fylkeskommunen sitt budsjett for 2016. Slik situasjonen er etter fylkestinget sitt vedtak, må orkesteret i større grad sjåast som eit lokalpolitisk ansvar for Voss kommune, seier Ekerhovd i ein e-post til Hordaland. Han seier vidare at også andre miljø har opplevd å få kuttet tilskotet.

– Me har stor forståing for at dette kan dette opplevast som dramatisk. Men, her ligg det altså politiske prosessar og vedtak til grunn. Samstundes er det også andre viktige musikkmiljø og orkester som ikkje er prioriterte på fylkeskommunen sitt budsjett, mellom anna brassmiljøet i Nordhordland, heiter det frå fylkesdirektøren.

## Leitar etter løysing

Helge Nævdal, som representerer Voss Ap i fylkesutvalet og fylkestinget, seier ein no jobbar med å finna midlar for Fossegrimen i år, og at det er beklageleg

at saka har gått under radaren til politikarane. No er også fylkesordførar Anne-Gline Hestun (Ap) kopla inn i saka.

– Fylkesordføraren seier til meg at dette må me finna ei løysing på. Eg kan ikkje koma med lønadar om kotteleg summar eller korleis ein skal finna pengane, men det er tverrpolitisk vilje til å finna ei løysing. Eg ser fram til å finna ei snarleg løysing, og skal halda Fossegrimen løpande orientert om utviklinga, seier Helge Nævdal.

TOR HÅVORSEN | tekst  
th@avisahordaland.no

# MKU bladde opp 100.000,- ekstra til Fossegrimen

■ Sender òg brev til fylkespolitikarane, ber dei revurdera budsjettkuttet

Kulturpolitikarane på Voss stiller seg tverrpolitisk bak Fossegrimen. Torsdag henta dei 100.000 ekstrakroner opp or hatten til symfoniorkesteret, på toppen av det faste bidraget på 200.000 kr.

Som tidlegare omtala her i bladet, kutta fylkeskommunen sitt faste årlege bidrag då 2016-budsjettet vart spikra, og heile framtida for Fossegrimen syntest trvis.

- Dette skjeddde utan at noko signal om kuttet var sendt ut på førehand. Heilt merkeleg, meinte utvaldsmedlem Arne Mosefinn (KrF), som òg peika på det spesielle ved at ei såpass lita bygd som Voss faktisk har eit eige symfoniorkester. Han trillar på at det finst mange tilsvarende dæme i heile Noreg.

## - Uforståeleg

- At den faste årlege driftstøtta til Fossegrimen vart stroken på fylkesbudsjettet for 2016, er heilt uforståeleg, samstemde utvaldsleiar Vidar Skeie (Sp).

- Fylkespolitikarane bør difor ta saka til ny vurdering, meinte han, og lanserte ei fråsegn han sjølv hadde fått laga, og som var stila til fylkesordførar Anne Gina Hestetun (Ap).

## - Dette var opplyftande

**VOSS:** - Ekstraleyvinga frå MKU er svært kjærkomen, dette var opplyftande, seier Peder Ringdal til Hordaland.

Saman med fleire av orkestermedlemmene fylgde styreleiar i Fossegrimen MKU-debatten frå sidelina.

## - Svært regionale

- Er det hødd i påstandane om at orkesteret har fått svakare regional profil siste åra?

- Ein merkeleg påstand. Fossegrimen hadde konsert på Osterøy så seint som i fjor, medan orkesteret sitt prosjektkor har vore både i Bergen og på Dale siste året. Og innan orkesteret sine rekkjer har me medlemmer frå ei rekke av grannekommunane, inkludert Ulensvang,



**REDDAR SESONGEN:** Fylkespolitikarane svikta Fossegrimen, men kulturpolitikarane på Voss trylla fram ekstramidlar frå budsjettet. Her ser me orkesteret i øving med ei gruppe elevar frå kulturskulen.

ARKIVFOTO: ANNE RIVENES

Fråsegna peikar på at Fossegrimen har hatt status som regionalt kulturtiltak sidan 1981, med Voss som vertskommune. I samsvar med fylkeskommunen sin musikkplan vart Voss òg utpeika som distriktsmusikkenter, og frå 1986 vart det etablert eit formelt samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Voss kommune og Orkesteret Fossegrimen for å realisera dette. I tråd med avtalen har Fossegrimen sidan utført rolla

som regionalt orkester og årleg motteke driftstønad frå fylkeskommunen - indekregulert til 211.000 kroner i 2015.

## - Heile regionen

Fråsegna stiller seg ikkje minst undrande til grunnleggjinga for at støtta no vart stroken, nemleg at orkesteret sin regionale profil ikkje er tydeleg nok. Heller ikkje den problemstillinga var drofta med orkesteret på førehand.

- Uforståeleg, syntest også

Koltjørn Blikås (V). - Fossegrimen er jo open for medlemmer frå heile regionen. Nei, dette var eit underleg signal, og ei avgjerd som heilt klart vil gjera det vanskelegare å rekruttera nye medlemmer, sa Blikås.

Utvalet var på alle måtar samstemde i saka, og stilte seg samla bak fråsegna som sluttar slik:

- MKU i Voss vil difor sterkt oppmoda fylkestinget, ved fylkesordførar, om å syta for at orkesteret Fossegrimen vert

sikra driftstønad også for framtida slik at orkesteret etter hundre års drift kan halda fram med sin regionale kulturprofil og med føreselege rammevilkår.

## Kan få både òg

Men kva så om fylkespolitikarane slår retrett, og hentar fram att dei 211.000 kronene dei i prinsippet har stroke?

- I så fall burde me kanskje reversera vår løyving? - undra Fredrik Skaarer Fjose (H). - For det er jo ei rekke andre gode kulturtiltak som òg treng pengar.

- Sant nok, sa Arne Mosefinn. - Ikkje minst har me svært mange kulturhus i bygda, sikkert minst 50, og eg ser at me på budsjettet berre har 40.000 avsett til opprusting av dei.

- Nei, her bør me vera varsame, og tenkja oss om. For kva signal vil me i så fall gje? - undra Vidar Skeie.

- Samd, sa Daniel Mosefinn (Raudt). - Fossegrimen har stått på, år etter år, og fortener pengane me her har ytt - uansett utfall i fylkestinget.

Og slik enda saka: Rein ekstraleyving på 100.000 kroner til Fossegrimen. Utan reservasjonar!

ROLF TEPSTAD | tekst  
rte@avis-hordaland.no



Of Fossegrimen. Det dreiar seg då om legendariske Shades Of Blues sin musikk, men som då skal framførast saman med Fossegrimen, tilrettelagd av Halldør Krogh, som var med og skjøpa dette sidan så mykje omtala rockebandet på Voss. Krogh var òg fløyttist i Fossegrimen gjennom fleire år, og både Styrk Opheim og Steinar Røthe frå bandet har vore med i orkesteret vårt. Òg vokalist, Asle Haaland har vore innom Fossegrimen. Så dette vert møte mellom gamle kjenningar, seier Ringdal med glød i røyst.

Konserten vil elles foregå søndag 5. juni, i Voss kulturhus, år Hordaland vita.

## Henta pengar frå Festival Voss

**VOSS:** Ekstramidiane til Fossegrimen vart henta frå posten «Festivalstønad 2016».

Av ein totalpott på 275.000 kroner vil Osafestivalen få 125.000 kr i driftstøtte i år, Fossegrimen får 100.000 kr og Festival Voss 50.000 kroner.

Festival Voss fekk så seint som i fjor 150.000 kroner. - Men då hadde dei fast tilsett personale for å gjera jobben. Det har dei ikkje lenger, påpeika kommunalsjef Gunahild Utvikvite på MKU-møtet. Reduksjonen i tildelinga var såleis berre ei tilpassing til den nye situasjonen, la ho til.

## Mest til Vossa jazz

Den verkeleg store potten på kulturbudsjettet heiter elles «Kunstformidling», og omfattar i 2016 ein total på 650.000 kroner. Vossa Jazz får det største bidraget frå denne med 275.000 kroner. Òg så Fossegrimen sitt ordinære tilskot på 200.000 kr kjem herifrå, pluss 125.000 kroner til Ole Bull Akademiet og 50.000 kroner til Voss kunstlag. «Museum» heiter ein annan

stor pengesekk, som i 2016 rommar 424.000 kroner totalt. Vestnorsk kulturakademi får her 100.000 kr, den nye bygdeboka 100.000 kr og sjølvje musea resten - 224.000 kroner.

## 2.583.000 kroner

Den siste store faste kulturpotten ber namnet «Tilskot kultur», og omfattar 215.000 kr. Frå denne får Ekstremsportveko 200.000 kr og Voss kulturråd 15.000 kroner. Alle dei nemnde tildelingane vart gjort samrøystes på MKU-møtet torsdag. Totalt fordelte utvalet dermed nær 1,6 mill kr torsdag.

Likevel har utvalet framleis att ein dryg million kulturmidlar til fordeling på neste møte, sist i april. Då er det 411, song- og musikk, lokale kulturhus, IT, mal, kulturminne, kulturstipend og tilsvarende føremål som skal få sine bidrag frå kommunen.

Totalt har politikarane på Voss 2.583.000 kulturkroner til fordeling i 2016.

ROLF TEPSTAD | tekst  
rte@avis-hordaland.no

# Dramatisk tilskots-kutt for Fossegrimen

**Får ikke Fossegrimen driftstilskott frå Hordaland fylkeskommune i 2012, må orkesteret søle seg arena søla opp avtalen om leige av distriktsmusikarane.**

Det gjer styreleiar Peder Ringdal og leiarar Halvard Stjønga klubbansvar klart. Fossegrimen betalar Visse kommunen nærare 300.000 kroner i året for å bruke distriktsmusikarane både som musikarar, samarbeid for gruppevisingar og i viktige funksjonar i orkesteret. Dermed vert tilskottet endret. Fossegrimen får 200.000 i tilskott frå fylkeskommunen i tillegg, må Orkesteret Fossegrimen tilsette sine utgifter tilsvarende i andre endar.

I tillegg til at avtalen om leige av distriktsmusikarane ser ut til å ryke, må orkesteret også søle seg arena søla opp avtalen om leige av distriktsmusikarane.

## Fekk kritik

22. februar i år fekk Orkesteret Fossegrimen melding om at driftstilskottet dei hadde fått frå fylkeskommunen i 2012 er avvikla. Utan at styret for orkesteret hadde fått noko som helst beskjed, og - skulle det visst seg - utan at vore fylkeskommunen i fylkespolitiske organ hadde fått det med seg i samband med budsjettbehandlingen.

- Fyrst vart me informerte for at me ikkje hadde fylt med på fylkesadministrasjonen si side-utgjeving og innspel til budsjetten for 2012. Seinare har me hatt diverse møte med både fylkespolitikarar og administrasjon utan at dette har ført fram, seier Peder Ringdal.

**Får ikkje svar**  
I sin utgjeving i Hordaland 22. mars i år, seier Halvard Stjønga, Visse Ap sin representant i fylkesrådet og fylkesråd, at me no jobbar med å finne medlar for Fossegrimen i år, og at det er beklagning at søka har gått under radaren til politikarane. Nærvald seier i same oppgjeving at fylkesrådarer Arne Oslo Hestnes (Ap) var kopla inn i søka og at «ho seier til meg at dette vil me finne ei løysing på».

Men ingen ting har skjedd. - Det mest frustrerende er at me ikkje får klart svar når me spør berre me ikkje får driftstilskott i 2012 når me har fått det

«Å basera seg på å vinna i prosjekttilskottlotteriet er ein heilt umogleg måte å driva orkesteret vidare på.

PEDER RINGDAL

I 20 år. Det vinnest svaret er at me ikkje er regionale nok. Og når me spør kva søk me endra på for å koma inn på søk for driftstilskott, smakar det berre om ting som me punkt for punkt kan visa at me all gjer og har gjort i ei årskjøl. Men om me viler sjølv berre å gjølla av. Fylkesrådarane smiler roleg og ber på meir høflig, men omstøtt ikkje å regnera om me viler. Deretter seier dei berre ikkje å fortelja kva dei legg i kravet om at orkesteret skal vere «regionalt». Me har meir enn eggleik kravet om å ta inn musikarar frå berre regionen og å ha ein til å leige konsertar utanfor Visse, seier det to styresrepresentantane.

## Prosjekttilskott

Ein av omstøtt Fossegrimen har fått er at dei må søle om prosjekttilskott. - Til det er å seia at me i år har sølt om tre prosjekttilskott. Me har så langt fått ein av dei, og det to andre søknadane har me omstøtt ikkje fått svar på. Det finst sjølvstøtt at det er utvald for me å prosjekta eller å gjennomføra nye prosjekt så lenge me ikkje får svar. Å ha omstøtt på å vinnast i prosjekttilskottlotteriet er ein heilt umogleg måte å driva orkesteret vidare på. Eitt døme er at me ikkje kjem i pøse med å prosjekta omstøtt eit 100 årjubileum, berre Peder Ringdal.

## Framtids ute

For ikkje å videra søle kritikken, har styret i Orkesteret Fossegrimen fylgt arbeidet med å finne eit driftstilskott for 2012 med utgangspunkt. Og heller ikkje for 2017 er Fossegrimen tilsette med driftstilskott frå fylket.

- Me har vore på budjet, og



**INN I DET UTEKENDTE:** Å driva eit regionalt symfoniorkester utan å ha spørsmålsløse økonomiske samfunn er ikkje enkelt. Styret i Orkesteret Fossegrimen har ein stor del av saka for at orkesteret i dag held eit høgt framdriving med, men no kan Fossegrimen verta tvungne til å søle med aktivitet- og arbeidsutvald.

teir me var i kontakt med fylkespolitikarar all dagen etter at administrasjonen ein framlegg var gjort. Det høytar, me har berre ein råd på me for budjetet skal vedtakast. Det er no me har sjølvstøtt til å gjølla omstøtt det, seier Ringdal og legg til at budjettilskottane er positive og at orkesteret fikk å utvald-

ring på 300.000 kroner for 2012. Likevel betalar Fossegrimen meir enn til Visse kommune enn det orkesteret får i kommunalt driftstilskott kvart år. Ein hovudstøtt av fylkeskommunen driftstilskottet stiger rundt 20 prosent av Fossegrimen sitt budjet på me har 300.000 kroner. Ein år det er

dette er berre omstøtt kjøpt opp og berre på budjetet. Orkesteret er til konsertar og prosjekt.

## Silende

Ein ting er at orkesteret berre økonomi- og driva orkesteret, ein annan at all administrasjonen rundt orkesteret

er fullstøtt omstøtt og oppfølgning av desse tre ikkje omstøtt og berre i ein framdriving og utvald informasjon. - Det, det gjer ikkje berre berre det berre fylkespoliti og distriktsmusikarane kringles, seier Halvard Stjønga.

HELGE HESTNES/STYRE  
www.fossegrimen.no

"HORDALAND" TORSDAG 03.11.16 S 14-15



# Står saman i kampen for Fossegrimen

- Eg har alt sendt brev til alle Voss sine representantar på fylkestinget og bede dei ta tak i Fossegrimen-saka.

Ordførar Hans-Erik Ringkjøb (Ap) vil ikkje ta spissen på at Orkesteret Fossegrimen skal stå utan fylkeskommunalt tilskot til drifta i 2017 og. Derfor har han sendt brev både til si eiga fylkestingsgruppe og til alle fylkestingsrepresentantane frå Voss. I tillegg til partifølgjane Helge Nordal og Gunn Berit Lunde Aarvik, er det Høgre si Irl Schou Johansen og Senterpartiet sin Nils T. Bjørke.

## Manglar et bein

- Drifta av Orkesteret Fossegrimen er eit samarbeid mellom fylket, Voss kommune og Fossegrimen, og alle veit at et bein med tre bein vertar viss det eine beinet vert borte. Det må ikkje skjedd.

Ringkjøb er klar på at det som skjedd i samband med Hordaland fylkeskommune si hand-



**SKAL KJEMPA FOR FOSSEGRIMEN:** Ordførar Hans-Erik Ringkjøb har bede både sine eigne partifeller Helge Nordal og Gunn Berit Lunde Aarvik (øvt), Høgre si Irl Schou Johansen og Sp sin Nils T. Bjørke samla kjempa for at Fossegrimen skal koma inn att med driftstilskot frå fylkeskommunen sitt kulturbudsjett i 2017.

saming av kulturbudsjettet for 2016, ikkje stå gjenta seg.

- Eg trur vel kanskje det er for seint å få attende noke av det tapte for innverande år, derfor er alt fokus no retta mot 2017. Frå Voss si side gjer me fylkestingsrepresentantane og administrasjonen merkelege på kor stor verdi Fossegrimen har for heile fylket. Og og har gjort det klart at Fossegrimen sjølvsagt er budde på å gå inn i driftingar om å ta på seg ei større regional rolle dersom det er det som skal til for å koma inn att med driftstilskot frå fylket.

## Kampen startar

Helge Nordal, Voss Ap sin fylkestingsrepresentant, gjev Fossegrimen si fulle støtte i kampen om fylkeskommunalt tilskot.

- Eg er heilt samd med Peder Ringdal og Halvard Bjørge i detra oppfatning av realitetane. Sekskantene for 2017 er så langt berre handtaka administrativt og så presenterte for utval for kultur, idrett og regional utvikling, der me er representerte med Gunn Berit Lunde Aarvik,

som ei samla referanse. Korte Fossegrimen eller andre selskar har fått goda grunnleggjering for eventuelle avslag, og sekskante har ikkje vore handtaka på politisk. Det er svært beklagelig, seier Nordal. Som legg til at det er no den politiske kampen for å få løvingsa til Fossegrimen inn att på budsjettet for 2017.

Alt i veke som kjem skal Ap ha møte med sine koalisjonspartnarar på fylkestinget, og då må vossingane sjølla Fossegrimen inn for alt det er verd. Det lovar Nordal at det skal gjera.

## Hell i uhell

I sine gjeldte fylket over 20 år-årige til årlige løvingsperiodar.

- Det var for all vårt hell i uhell, eller hadde Fossegrimen vore ute i fire år.

Med sekskantene i høghovudet, har både Nordal og Lunde Aarvik vore påpasslege med å gjelva innspel til kulturbudsjettet for 2017.

- Me vert litt sjokkerte då me førstod kjerfela dette har vorte handtaka, derfor er me påpasslege, og siste ordet er ikkje

sagt. Eg legg meg heilt flatt og tråkjer det som skjedd i fyr basert er trist. Samling når Fossegrimen no går inn i sitt jubileum. Diverse trur og håper har gått på det gode tilskot for 2016, men me kjem til å gjera vårt for å få Fossegrimen inn att for 2017. At orkesteret opplever å stå på seg på oppsett og kjerfela og, kvite høyrer ingen stund berre, kanskje forsikringsmessig eller på andre måtar. Rett nok er fylket sitt kulturbudsjett skrapa, som alle dei andre budsjetta, men dette må me gjera vårt for å rydda opp i.

NILS EMMERIK, leder  
nsl@voss-kommune.no

"Hordaland" LAURDAG 25.11.16 s 18-19

# Fossegrimen inne att på fylkesbudsjettet

- Det var ikkje vanskeleg å argumentera for at Fossegrimen måtte inn att på fylkeskommunen sitt budsjett!

Det seier Voss Ap sin fylkespolitiskar Helge Nordal. Han er særdeles sagsl med at ein best koalisjon på fylkesnivalet sitt møte denne veka samla seg om å få Orkesteret Fossegrimen inn att med 220.000 kroner på fylkesbudsjettet for 2017, etter at fylkesmannen hadde gerna løvingsa i sitt budsjettframlegg.

Fossegrimen har fått fylkeskommunale midlar kvart år sidan 1996, men sist ut i innverande år, rett og slett fordi kjerfela politiskar eller orkesteret sitt styre oppdaga det i tide.

## Godt jobba

All Fossegrimen fall ut av fylkeskommunen sitt budsjett for eit år sidan, har vore ei tung og vanskeleg sak for Helge Nordal. Ikkje minst fordi han representerte partiet som ut med fylkesordføraren, og fordi Fossegrimen vunde seg til henn i stortingsval på å få til ei løvings for innverande år. Det gikk ikkje. Derfor var det som skjedd på Ullensvang Hotell denne veka ekstra gledelig.

- Det har vorte jobba godt, og på av dei andre partia. Alle partia har vore inne og sett på dei tildelingsane som var fordelag av fylkesordføraren. Slik sett var alle partia vel kjende med saka, og det var lett å få til ei felles forståing for at Fossegrimen måtte inn att på 2017-budsjettet.

Den endelige koalisjonen som erfar for at Fossegrimen får 220.000 fylkeskommunale kroner i 2017 var sett saman av Ap, KrF, SV, Sp, V og Høgre. I tillegg hadde også Høgre leiar Fossegrimen inn att på sitt budsjettframlegg, med 200.000.

- Det har vore ein god prosess politisk, men Fossegrimen skal og ha ros for den jobben det har



**FOR FULL MUSIKK:** Orkesteret Fossegrimen får innval starta på fylkeskommunen, og sikrer drifta framover. Her 65 konsert i Voss kulturhus i mars. FOTO: ANNE ØYVIND

gjort for å informera og påverka oss politikarar.

## Forsketterer ikkje

Hell til for nokre år sidan måtte Fossegrimen og alle andre selska om fylkeskommunalt tilskot borte. Det førte fylkestinget endra dette til tredjearige løvingsperiodar. Men etter valet i det endra det nye fylkestinget det attende til endelige løvings. Med den beste tenja inn å

løyva midlar til Fossegrimen for 2017, skulle ein kanskje tru at orkesteret er berre godt garantert midlar også året etter.

- Det kan og sjølvsagt ikkje tenkjer, sjølv om eg er optimist. Fylkeskommunen er lite i ein særdeles krevjende økonomisk situasjon og pengestanden må vurderast strengt. Men særskilt det er det slik, at løvingsane til kultur ikkje utgår dei stum summen, særskilt som løvings-

ane i den sektoren viser så enormt godt ut. Og det som i alle fall er sikkert er at alle partia no er vel kjende med kor viktig Fossegrimen er og kor det står for, så det skal verta vanskeleg å overgi dei i budsjettprosessen neste år.

## Veldig glad

Ordførar Hans-Erik Ringkjøb er også særdeles glad og letta over at Fossegrimen no er inne att på fylkesbudsjettet.

- Dette har vore ei veldig kjellig sak, og eg er glad for det gode politiske arbeidet som har vorte gjort for å få til ei positiv løvings. Det er også ikkje å sjølla ein koalisjon til Fossegrimen og det orkesteret står for. Eg trur det er mange som har vorte glade over at orkesteret har sin stor og viktig regional rolle.

Orkesteret består den beste samla i fylkesnivalet, gjer løvingsane, litt som for Fossegrimen, og at den positive løvingsa også

har gjort situasjonen lettere for Voss kommune - ikkje minst fordi sekskantene av arbeidsforfela berre ett samarbeid mellom orkesteret, kommunen og fylkeskommunen.

## Fortsettarkryt

- No skal me verchling på i gang med å planleggja 100-årsjubileet i sevensen 2017-2018.

Orkesterleiar Peder Ringdal er i tillegg over den vindinga saka har teke.

- Politikarane som har vore interesse for og engasjert seg i denne saka fortjener stor takk og no har godt arbeid. For Fossegrimen er det ikkje

stoko problem at det må selska tilskot kvart år.

- Nei, det er slik det alltid har vore - med unntak av det par siste år, for fylkestinget endra attende til den gamle ordforinga, så det går heilt fint.

- Det handlar berre om å verna alle og trygg med i timen. Det skal gå bra!

NILS EMMERIK, leder  
nsl@voss-kommune.no

"Hordaland" LAURDAG 12.11.16 s 16-17